

SKODJE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

16.01.2013

Kopi til: Ordføreren  
Rådmann  
Revisor

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Torsdag 24.01.2013 kl. 16.00 på  
Skodje Rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 10.12.2012
- « 02/13 - Oppfølging av tilsynsrapport frå Helsetilsynet om sosiale tenester i Skodje kommune og tilsynsrapport frå fylkesmannen om barnehagar
- « 03/13 - Plan for selskapskontroll – Skodje kommune
- « 04/13 - Plan for forvaltningsrevisjon – Skodje kommune  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Vigdis T. Bye  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SKODJE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 10. desember 2012, kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og Jon Ola Røstad

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen som kom under behandlinga av sak 19/12.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

**SAK 15/12**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 29.05.2012**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 29.05.2012 blir godkjent.

**SAK 16/12**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 05.06.2012**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 05.06.2012 blir godkjent.

**SAK 21/12**

**PÅMELDING TIL KONTROLLUTVALKONFERANSEN FEBRUAR 2013**

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvaler ønskjer å melde på følgjande medlemmar til konferansen:

Vigdis T. Bye, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate, Jon Ola Røstad. Utvalsssekretær tek kontakt med ordførar.

#### **SAK 17/12**

#### **TILSYNSRAPPORT FRÅ HELSETILSYNET OM SOSIALE TENESTER I SKODJE KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 03.12.2012 frå kontrollutvalsekretariatet med følgjande innstilling:

1. Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå helsetilsynet og stiller seg kritisk til det som kjem fram der om kommunen si handtering og behandling av søknad om økonomisk sosialstønad.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen opplyse om og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å betre kvaliteten på desse tenestene og lukke avvika.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå helsetilsynet og stiller seg kritisk til det som kjem fram der om kommunen si handtering og behandling av søknad om økonomisk sosialstønad.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen opplyse innan 10. januar 2013 om og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å betre kvaliteten på desse tenestene og lukke avvika.
3. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt svar frå kommunen til fylkesmannen.
4. Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.

#### **SAK 18/12**

#### **TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN OM BARNEHAGAR I SKODJE KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 03.12.2012 frå kontrollutvalsekretariatet med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå fylkesmannen om barnehagane i kommunen og ber rådmannen innan 10. januar 2013 opplyse om og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å lukke avvika og handtere merknadane.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå fylkesmannen om barnehagane i kommunen og ber rådmannen innan 10. januar 2013 opplyse om og eventuelt på kva

måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å lukke avvika og handtere merknadane.

2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt svar frå kommunen til fylkesmannen.
3. Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.

#### **SAK 19/12**

#### **BUDSJETT 2013 SKODJE KONTROLLUTVAL**

Saksutgreiing datert 03.12.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 50.000 kroner.

#### **SAK 20/12**

#### **FINANSFORVALTNING**

Saksutgreiing datert 03.12.2012 frå kontrollutvalsekretariatet med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet stiller seg kritisk til rådmannen si handtering av finansforvaltninga i Skodje kommune.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet stiller seg kritisk til rådmannen si handtering av finansforvaltninga i Skodje kommune som viser mangel på styring, kontroll og leiing.

Vigdis T. Bye  
leiar  
(sign.)

Dag Loe Olsen  
nestleiar  
(sign.)

Grete Dalhaug Berg  
medlem  
(sign)

Magnar Flaate  
medlem  
(sign.)

Jon Ola Røstad  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Dato: 16.01.2013

Kontrollutvalet  
I Skodje kommune

**SAK 02/13**

**OPPFØLGING AV TILSYNSRAPPORT FRÅ HELSETILSYNET OM SOSIALE  
TENESTER – SAK 17/12 OG TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN OM  
BARNEHAGAR – SAK 18/12**

Som vedlegg følger:

- Brev frå rådmannen i Skodje kommune datert 08.01.2013

Det blir vist til saksdokumenta i kontrollutvalsak 17/12 og 18/12. I sak 17/12 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå helsetilsynet og stiller seg kritisk til det som kjem fram der om kommunen si handtering og behandling av søknad om økonomisk sosialstønad.*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen opplyse innan 10. januar 2013 om og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å betre kvaliteten på desse tenestene og lukke avvika.*
3. *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt svar frå kommunen til fylkesmannen.*
4. *Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.*

Det blir vidare vist til sak 18/12 der vedtaket er slik:

1. *Kontrollutvalet viser til tilsynsrapporten frå fylkesmannen om barnehagane i kommunen og ber rådmannen innan 10. januar 2013 opplyse om og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten og kva tiltak som er sett i verk for å lukke avvika og handtere merknadane.*
2. *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt svar frå kommunen til fylkesmannen.*
3. *Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.*

I brevet frå rådmannen om tilsynsrapporten gjeldande sosiale teneste blir det ikkje gitt svar på om rapporten har blitt førelagt kommunestyret. Men det går fram av brevet at ein reknar med at avviket er lukka. Av samtale kontrollutvalsekretariatet har hatt med fylkesmannen går det fram at avviket ikkje er lukka.

Når det gjeld tilsynsrapporten om barnehagar, blir det opplyst at avvika ikkje er lukka og at kommunestyret vil bli orientert om innhaldet i rapporten når avvika er lukka.

Desse rapportane er frå 2011. Det ville vere naturleg om kommunestyret fekk orientering om innhaldet i desse ved mottak og ikkje so seint som etter eventuell lukking av avvika.

Det blir ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# SKODJE KOMMUNE

## RÅDMANNEN

KONTROLLUTVÅLSEKRETARIATET IKS  
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Vår ref  
06/866-80

Sakshandsamar  
Kjell Bjørdal, 70 24 40 11

Dykkar ref

Arkiv  
033

Dato  
08.01.2013

### TILBAKEMELDING PÅ SAK 17/12 OG 18/12


Syner til særutskrifter av møteboka for Skodje kontrollutval i møte 10.12.2012.

Som vedlegg fylgjer opplysningar som er etterspurt i vedtaka.

**Vedlegg 1:** Info frå Anders N. Hammer om tilsynsrapport frå helsetilsynet om sosiale tenester i Skodje kommune.

**Vedlegg 2:** Notat frå Bente G. Vikhagen om tilsynsrapport frå fylkesmannen om barnehagar I Skodje kommune

Med helsing

  
Kjell Bjørdal  
rådmann

**Kjell Bjørdal - SV: Saksdokument**

---

**Fra:** "Hammer, Anders Norvald" <Anders.Norvald.Hammer@nav.no>  
**Til:** 'Kjell Bjørdal' <Kjell.Bjordal@skodje.kommune.no>  
**Dato:** 17. desember 2012 08:43  
**Emne:** SV: Saksdokument  
**Vedlegg:** Svartilsynsrapport040112.doc; Svartilsynsrapport150911.doc

---

Hei

Viser til epost under.

Vedlagt følger mitt svarbrev til Fylkesmannen. Det har ikkje vore korrespondanse med Fylkesmannen utover dette brevet. Slik eg forstår det er saka/tilsynet lukka frå Fylkesmannen si side. Fylkesmannen er til stades på alle leiarsamlinger for NAV Møre og Romsdal kor eg også deltek. Tilsyna har vore tema ei rekke ganger i det foraet.

Tiltak som har vore gjennomført utover det som kjem fram av brev datert 15.09.11 (vedlagt):

- Alle tilsette deltek på opplæring i lov om sosiale tjenester i NAV. 2 dager kurs i 2012. I 2013 fortsetter opplæringa med fleire kursdagar.
- Alle tilsette får 2 dager opplæring i samtaleteknikk – Motiverande intervju- ..
- Alle tilsette får 3 dager opplæring i Standard for arbeidsretta brukeroppfølgning som i samarbeid med Fylkesmannen blir innført i alle Nav-kontor frå 01.03.13.
- NAV Storfjorden har utarbeid system for internkontroll og avviksregistrering.

Mvh

Anders Norvald Hammer

Kontorsjef – NAV Storfjorden

---

**Fra:** Kjell Bjørdal [mailto:Kjell.Bjordal@skodje.kommune.no]  
**Sendt:** 6. desember 2012 15:22  
**Til:** Hammer, Anders Norvald; Asle Giske; Bente Glomset Vikhagen  
**Kopi:** Synnøve Vasstrand Synnes  
**Emne:** VS: Saksdokument





Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Ved: Aase Årsbog Dyrset

Deres ref: 2011/2066/AADY/721.0

Vår ref: aha1529

Vår dato: 04.01.2012

**Svar på rapport etter tilsyn med sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga i Skodje kommune – forlenga tidsbruk.**

Eg viser til vårt brev datert 15.09.11 ”*svar på rapport etter tilsyn med sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga i Skodje kommune.*”

I brevet signaliserte eg at arbeidet med lukking av avvik burde vere fullført innan 31.12.11.

Det viser seg at arbeidet er meir omfattande enn eg først vurderte det til å vere. Samstundes har NAV Storfjorden vore gjennom ein hektisk haust med rekruttering av fleire nytilsatte med påfølgande opplæringsbehov.

I denne samanheng ber eg om forståing for at arbeidet tek lengre tid enn først varsla. Slik eg vurderer situasjonen no bør avvika vere lukka innan 31.03.11. Planen for lukking av avvika blir elles fulgt opp slik som skissert i brev av 15.09.11.

Med helsing

Anders Norvald Hammer  
Leiar  
Nav Storfjorden



Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Ved: Aase Årsbog Dyrset

Deres ref: 2011/2066/AADY/721.0

Vår ref: aha1529

Vår dato: 15.09.2011

### **Svar på rapport etter tilsyn med sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga i Skodje kommune.**

Vi viser til brev av 12.07.2011 der fylkesmannen ber om ein plan for når avvik som er avdekka etter tilsyn skal vere lukka. Det er bedt om ei slik plan innan 15.08.2011. I denne anledning viser vi til munnleg avtale den 23.08.2011 der fristen vart forlenga til 15.09.2011.

Nav Storfjorden har følgande plan for lukking av registrerte avvik:

- Nav Storfjorden, Skodje har fjerna vertspce frå mottakslokalet. Alle som legg fram saka si skal gjere dette på samtalerom.
- Nav Storfjorden vil gå gjennom rutiner, og eventuelt endre praksis, for innhenting av opplysningar frå bank og kraftselskap.
- Nav Storfjorden har etter tilsynet gjennomført kurs i sakshandsaming av søknadar om økonomisk sosialhjelp etter lov om sosiale tenester i Nav. Dette er gjort i nært samarbeid med andre navkontor i tenesteområdet
- Det er avsatt tid for kollegarettleing kvar veke. Dette for å sikre ei fagleg utvikling der konkrete og individuelle vurderingar kjem i fokus.
- Nav Storfjorden vil gå gjennom sine prosedyrer for å sikre lik handsaming av sakene. Dette må sjåast i samheng med, og ikkje vere til hinder for, kravet til individuelle vurderingar i kvar enkelt sak.
- Nav Storfjorden vil gå gjennom delegerte fullmakter for fating av vedtak etter sosialtjenestelova og skrevne rutiner i høve spesialfunksjonar. Dette for å sikre ei fagleg forsvarleg og effektiv forvaltning.
- Nav Storfjorden skal etablere og implementere system for avviksregistrering i kvar enkelt kommune.

Nav Storfjorden //  
Postadresse: Postboks 10 // 6263 SKODJE

Besøksadresse: // 6260 Skodje

www.nav.no //

Nav Storfjorden vil involvere dei tilsette i dette arbeidet gjennom kontormøter og i medbestemmelseapparat. Vidare blir dei tilsette involvert i møter for kollegarettleiing og i kursverksemd.

Arbeidet med lukking av avvik blir styrt av leiar for Nav Storfjorden. Eg vil drøfte evaluering, endring og eventuelt oppretting av nye prosedyrer med dei tilsette der det er behov.

Nav Storfjorden er i gang med lukking av avvik og arbeidet bør vere fullført innan 31.12.2011. Vi vil likevel kommentere at dette arbeidet i stor grad må pågå kontinuerlig, også etter at avvika er lukka ved årsskiftet.

Med helsing

Anders Norvald Hammer  
Leiar  
Nav Storfjorden



---

# Notat

---

*Sak:* KONTROLLUTVALET

*Til:*

*Frå:* Bente Glomset Vikhagen,

*Kopi til:*

Sak- /dok.nr.  
06/866-76

Arkivkode  
033

Dato  
04.01.2013

---

## **TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALET - SAK 18/12 TILSYN PÅ BARNEHAGEOMRÅDET**

Kontrollutvalet viser til tilsynsrapport frå fylkesmannen på barnehageområdet, og ber om tilbakemelding på:

1. Om, og eventuelt på kva måte Skodje kommunestyre har blitt gjort kjent med innhaldet i rapporten.

Skodje kommunestyre er ikkje gjort kjende med innhaldet i rapporten då rådmannen ikkje har fått tilsendt melding om avslutting av tilsyn frå utdanningsdirektøren. Rådmannen har etterspurt dette, og har fått tilbakemelding på at det er under arbeid.

Kommunestyret vil få informasjon om rapport og tiltak som er sett i vert for å lukke avvik og merknadar. Dette vil skje i form av referatsak til kommunestyret når avsluttingsbrev frå utdanningsdirektøren er oss i hende.

2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt svar frå kommunen til fylkesmannen

Svar frå Skodje kommune til fylkesmannen ligg ved

Bente Glomset Vikhagen



Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
V/Maren Ørjasæter Åland  
6404 Molde

Vår ref  
11/555-6

Sakshandsamar  
Bente Glomset Vikhagen, 70 24 40 13

Dykkar ref

Arkiv  
A10 &58

Dato  
02.04.2012

## SVAR - TILSYN ETTER BARNEHAGELOVA

Vedlagt finn de retting av avvik avdekka under tilsyn av Skodje kommune som lokal barnehagemyndigheit

### Avvik 1. Rutinar og praksis knytt til godkjenning av barnehagar etter barnehagelova.

Vedlegg 1: Informasjonshefte og rutinebeskriving av praksis for godkjenning og ny godkjenning av barnehagar i Skodje kommune. I samband med endringar ved alle våre barnehagar f.o.m nytt barnehageår vil det bli fatta nye vedtak om godkjenning utifrå desse rutinane. ( Gjennomføring – mai 2012) Vedtaka kjem til å verte fatta i mal for godkjenning av barnehagar ( sjå vedlegg 2)

### Avvik 2. Forståing av pedagognorm

Skodje kommune har lyst ut ledige stillingar med krav om førskulelærarutdanning i samsvar med korrekt forståing av pedagognorm i forskrift om pedagogisk bemanning §1. I tilsetjingsprosessen som vi no er inne vi kjem Skodje kommune til å sørge for at det vert tilsett pedagogar i samsvar med korrekt forståing.

### Avvik 3. Rapporteringsplikt til barnevernet

Skodje kommune har implementert kontroll av at barnehagane har rutinar for informasjon til sine tilsette om rapporteringsplikta til barnevernet. Dette skal skje gjennom det årlege tilsynet med utgangspunkt i vedlagt mal ( vedlegg 3)

**Merknader:** Skodje kommune kjem til å gjennomføre tilsyn etter systemrevisjonsmetoden i tillegg til det årlege kvalitetstilsynet vi har praksis for. Einskilde barnehagar vil ikkje ha ei rolle i denne delen av tilsynet. Den private barnehagen vil måtte dokumentere at dei tilsette legg fram politiattest som ein del av den tilsynsmetoden. ( vedlegg 3)

Med helsing

Bente Glomset Vikhagen



---

# Notat

---

*Sak:*        **BARNEHAGANE I SKODJE - TILSYN ETTER BARNEHAGELOVA**  
*Til:*  
*Frå:*        Bente Glomset Vikhagen,  
*Kopi til:*

Sak- /dok.nr.	Arkivkode	Dato
11/555-7	A10 &58	24.07.2012

---

## **RUTINE FOR GODKJENNING AV BHG I SKODJE KOMMUNE**

### **Godkjenning av barnehagar i Skodje kommune:**

Det er rådmannen som godkjenner barnehagar etter Lov om barnehagar i Skodje kommune. Rådmannen gjev:

- Informasjon om oppstart og godkjenning av barnehagar
- Rettleiing i samband med oppstart av barnehage
- Handsamar søknad om godkjenning
- Handsamar søknad om ny godkjenning

### **Du har plikt til å søke godkjenning som barnehage når:**

- a) verksemda er regelmessig og eitt eller fleire barn har ei opphaldstid på meir enn 20 timar per veke, og
- b) talet på barn som er tilstades samtidig er 10 eller fleire når barna er tre år eller eldre, eventuelt fem eller fleire når barna er under tre år, og
- c) verksemda vert utført mot godtgjering

Alle som skal søke godkjenning som barnehage må ha oppfylt alle tre av de nemnde vilkåra som er regulert i barnehageloven § 6 om plikt til å søke godkjenning.

### **Sjølve godkjenninga involverer fleire etatar med ulik lovverk:**

#### **Søknad til Skodje kommune**

Søknad om godkjenning av ny barnehage/endra godkjenning skal sendast til Skodje kommune. Søknaden skal innehalde prosjektomtale, teikning av barnehageanlegg, budsjett og vedtekter for barnehagen. Barnehagen skal ha vedtekter slik det er krav om i Barnehageloven § 7. Vedtektene skal gje opplysningar som har verknad for foreldra/de føresette sitt forhold til

barnehagen. Ta kontakt med barnehagefagleg ansvarleg i Skodje kommune før søknaden vert sendt.

Søknad knytt til forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage skal sendast til Skodje kommune, Kommuneoverlegen

### **Søknad til andre offentlige instanser**

I tillegg skal styrar for barnehagen sende søknad om godkjenning til følgjande instansar: *Brannvesen, Mattilsynet og Arbeidstilsynet.*

Disse skal være orientert om barnehagen og eventuelle pålegg må være etterkomme før barnehagen opnar

### **Saksgang ved godkjenning/ ny godkjenning:**

1. Ved oppstart av ny barnehage, eller endring av godkjent barnehage skal det takast kontakt med rådmannen. Du vil få orientering og rettleiing og kva for krav som vert stilt, og om saksgang i ny eller endra godkjenning. Du kan og verte kalla inn til ein samtale for å leggje fram planane dine.
2. Barnehagefagleg ansvarleg og kommunelegen kjem saman på ei synfaring i barnehagelokala.
  - Barnehagefagleg ansvarleg vurderer lokala mot krav nedfelt i Lov om barnehagar. Kommunelegen vurderer barnehagen utifrå forskrift om miljørette helsevern i skular og barnehagar
3. Kommunelegen skriv ein rapport som inneheld dei krav som må vere oppfylt for at lokala skal få ny eller endra godkjenning
4. Ny eller endra godkjenning føreset at alle vilkår frå alle godkjenningsinstansar er oppfylt
5. Framvist og kontrollert politiattest for eiger ved etablering av privat barnehage.  
( Kontroll av politiattest for tilsette vert kontrollert ved første tilsyn)

Rettleiar for godkjenning av barnehagar finn du her:

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2006/ny-veileder-om-godkjenning-av-barnehager.html?id=88439](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/veiledninger_brosjyrer/2006/ny-veileder-om-godkjenning-av-barnehager.html?id=88439)

Nyttig lenkje

## Godkjenning av ordinær eller open barnehage

Vedtak fatta av kommunen i godkjenningssak

Søknaden gjeld	<input type="checkbox"/> Ny godkjenning	— Ordinær barnehage
	<input type="checkbox"/> Endra godkjenning	— Open barnehage

Organisasjonsnr. (fyllast ut av barnehageeigar)	
Kommune	Søknadsdato

Blanketten skal fyllast ut av kommunen som godkjenningsmyndigheit, og skal nyttast ved godkjenning av både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Krav til godkjenning er stilt i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar §§ 6 og 10, jf. §§ 1 og 2. Planane for verksemda leggast til grunn ved handsaming av søknaden. For familiebarnehagar brukast blankett F-4200. Ved ev. søknad om lån i Husbanken skal kopi av godkjenningsvedtaket følgje lånesøknaden.

Søklar/namnet til eigar	Telefon
Postadresse	
Namnet til barnehagen	Eigeforma til barnehagen
Postadresse	

Leike- og opphaldsareal	Fastsett netto leike- og opphaldsareal	Den vedtektsfesta norma til eigaren for arealnytting per barn	Maks. tal på barn, hvis alle barn er over tre år
	m <sup>2</sup>	- over 3 år m <sup>2</sup>   - under 3 år m <sup>2</sup>	
Avgrensingar jf. barnehagelova § 10 andre ledd	I opphaldstida til barna	Dersom ja, opphaldstid avgrensa til	Maks. timar per dag
	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		Maks. timar per veke
	I alderen til barna	Dersom ja, minstealder kan vera	år
	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		eller
	I talet på barn	Dersom ja, talet kan vera	
	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja		
Grunngeving for avgrensing (bruk ev. eget ark)			
Politiattest	Er det levert tilfredsstillande politiattest, jf. barnehagelova § 19 og forskrift om politiattest, for:		
	<input type="checkbox"/> Alle tilsette <input type="checkbox"/> Eigar		
Fritt areal, park e.l. som uteområde	Merknader frå kommunen dersom behovet for uteområde etter barnehagelova § 10, jf. § 2 tredje ledd må tilfredsstillast ved bruk av fritt areal, park, e.l. (bruk ev. eget ark)		
Merknader frå andre myndigheiter	Merknader frå andre myndigheiter som har uttalt seg om etableringa ligg føre, jf. forvaltningslova 10. februar 1967 § 17		
	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (dersom ja, opplys om det her, ev. på eget ark)		
Opning	Forventa opningstidspunkt (månad - år)		

Avgjerda til kommunen	<input type="checkbox"/> Barnehagen godkjennast	Ev. avgrensingar går fram av ovannemnde	Vedtaket kan påklagast til fylkesmannen, jf. barnehagelova § 10 tredje ledd. Klagen skal sendast kommunen. Klagefristen er tre veker fra ein moltek meldinga, jf. forvaltningslova § 29
	<input type="checkbox"/> Barnehagen godkjennast ikkje	Sjå grunngeving på eget ark	

Stad og dato	Stempel og underskrift frå kommunen
--------------	-------------------------------------







### 3. Bemanninga i barnehagen

Opplysningane vert knytta til barnehagelova §§17 – 19 samt § 24.  
Opplysningane vert sett i samanheng med barnehagen si sist innsende årsmelding.

- Har barnehagen førskolelærer eller anna person med høgskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse i styrarstilling:  
ja  nei
  - Barnehagens stillinger for pedagogiske leiarar:  
talet på årsverk..... tal på personar.....
  - Er det eventuelt tilsett personar med dispensasjon frå utdanningskrav i nokon av desse stillingane ?  
ja  nei
  - I tilfelle ja, kor mange ? talet på personer.....
  - Talet på stillingar utanom styrar og ped. leiarar talet på årsverk..... talet på personer.....
  - Har barnehagen ekstra bemanning pga. barn med spesielle behov ? ja  nei
  - Hvis ja, kor mange ? talet på personer.....
  - Kva for ei vikarordning har barnehagen?.....  
.....  
.....
  - Finnes det reglar for vikarbruk ? ja  nei
  - I tilfelle ja, kva for reglar ?  
.....  
.....  
.....  
.....
  - Har barnehagen øvingslærarar ? ja  nei
- Ja    nei
- Har alle med arbeidsavtalar etter 01.01.96 levert politiattest?
  - Har andre som omfattes av politiattestforskriften levert politiattest?
  - Har barnehagen system for å sikre levering av politiattest?
- Barnehagen syner rutinene under tilsynet: .....

- |   |                          |                          |
|---|--------------------------|--------------------------|
|   | Ja                       | Nei                      |
| • Har alle arbeidstakarar, også vikarer skrevet under skjema for teieplikt? | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| • Har barnehagen rutiner for å ivareta dette?                               | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| Barnehagen fremviser rutinene ved tilsynet.....                             |                          |                          |
| • Har alle tilsette levert TBC-attest?                                      | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| • Har barnehagen rutiner for å sikre at TBC-attest vert levert?             | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| Barnehagene fremviser rutinene ved tilsynet.....                            |                          |                          |

#### 4. Opplysningar om barn/ opptak

Opplysningene vert henta inn med heimmel i barnehageloven § 8, og vert sett i sammanheng med barnehagen si årsmelding/søknad om statstilskodd.

Her ber ein om opplysningar om kva for barn som er i barnehagen i dag.  
 ✓ Barnehagen legg fram liste med barna sitt namn, alder og opphaldstid.

Opplysningane sammenfattast her:

Barnehagen fyller ut			Tilsynsmyndighetens omregning
Opphaldstid/uke	ant. barn <3	Ant. barn >3	ant. standard barnehageplasser *
0-8 t.			
9-16 t.			
17-24 t.			
25-32 t.			
33-40 t.			
41 →			

\* ein heil plass for barn over 3 år er en standard barnehageplass

	Antall
Barn med spesielle behov, tatt opp etter §13	
Barn med rett til tiltak etter opplæringsloven §5-7	
Tospråklige barn	

Er barnehagens fysiske miljø tilrettelagt for funksjonshemmede?

## 5. Vurdering av barnehagens rammebetingelser

<b>Til vurdering</b>
Brukervennlegheit; barn/alder/oppaldstid
Bemanning
Vikarordning
Barnehagens fysiske miljø
Uteområdet, brukarvennlighet
Internkontrollrutiner
Ventelister, dekningsgrad
Økonomi, framtid og tryggleik
Andre kommentarer til barnehagens rammebetingelser:.....
.....
.....
.....

## BARNEHAGENS INNHOLD

Temaet skal sjåast i samband med barnehagelovens §2 om innhald, §3 om barns rett til medvirknas, §4 om foreldermedverknad, samt Rammeplanen og barnehagens årsplan.

### 1. Årsplan og utviklingsarbeid

	JA	NEI
Er barnehagens sin årsplan sendt kommunen ?		
Er årsplanen behandla i samarbeidsutvalget ?		
Har foreldra deltatt i utviklinga av årsplanen ?		
Har foreldra fått utdelt årsplanen ?		
Har de innspel til tema for neste års tilsyn på rammeplanens krav til planlegging, dokumentasjon og vurdering av barnehagens innhald?		

Hvis ja – kva for tema/ fokusområder ?

.....

.....

.....

.....

✓ *Årsplan for barnehagen må være tilgjengeleg ved tilsynet.*

### 2. Samarbeid med andre instansar

Har barnehagen kontakt og samarbeid med andre instansar ? ja  nei

Hvis ja – kva for instansar ?

.....

.....

.....

.....  
.....  
.....  
Har barnehagen rutiner når det oppstår situasjoner der det er mistanke om omsorgssvikt eller mishandling overfor barn? ja  nei

Har barnehagen rutiner og dokumentasjon på at dei tilsette har blitt orientert om opplysningsplikta til barnevernet

Barnehagen fremviser rutinene ved tilsynet:.....

ja  nei

### 3. Brukerundersøkingar og vurderingsarbeid

Vert det gjennomført det brukerundersøkingar ? ja  nei   
Hvis ja – korleis vert desse utført, kor ofte, og kva for resultat er kome fram ?.....  
.....  
.....  
.....

Korleis vert barns rett til medverknad ivareteke?  
.....  
.....  
.....

Korleis gjennomfører barnehagen vurdering av verksemda ? ja  nei

### 4. Samarbeid med foreldre

Kva for saker vert teke opp opp i samarbeidsutvalet ?  
.....  
.....

Kva for saker vert tatt opp i foreldreråd?.....  
.....

Korleis er samarbeidet foreldre/barnehage tilrettelagt ? .....  
.....  
.....

Korleis vert klager frå foreldre handsama?  
.....  
.....  
.....

## 5. Brukertilpasning

Har barnehagen delte plassar ?

ja

nei

Andre fleksible løysingar ?

ja

nei

Beskriv kort korleis ordninga vert organisert.

.....  
.....  
.....

**Anna**.....

.....  
.....

Stad og dato.....

For kommunen:.....

Underskrift

# Tilsynsrapport frå tilsyn i ..... barnehage

Dato:

1. Oppfølging av tidlegare pålegg:
  2. Bakgrunn for tilsynet
  3. Gjennomføring av tilsynet ( sjå vedlagt skjema for tilsynsspørsmål og svar frå tilsynsbesøk)
  4. Tilsynet avdekka forhold
- |   | ja                       | nei                      |
|---|--------------------------|--------------------------|
| Der det vart gjeve merknadar om retting av uforsvarlige forhold | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| Der det vart gjeve pålegg om retting av ulovlige forhold        | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

## 5. Hovedkonklusjon:

6.1 Avtale om retting av uforsvarlege tilhøve:

6.2 Pålegg om retting av ulovlege tilhøve:  
(Jf. barnehageloven § 16)

For tilsynsmyndigheten:

.....  
Underskrift



**Kopi av rapporten er sendt:**

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Skodje kommune

Dato: 16.01.2013

**SAK 03/13  
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger

- Oversikt over selskap der kommunen har eigarinteresser i flg. kommunerekneskapen
- Plan for selskapskontroll i Skodje kommune

**OM SELSKAPSKONTROLL**

Det første underomgrepet innan selskapskontroll er "eigarskapskontroll". Det er definert i kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: "... kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll)." Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er "forvaltningsrevisjon av selskap". Det er omtalt i kontrollutvalsforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgåande kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunkta kan det ligge kontrollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

**1.1 KONTROLL SOM SELSKAPSORGANA SJØLVE ER ANSVARLEGE FOR**

Rekneskapane til aksjeselskap og interkommunale selskap blir reviderte av selskapa sin revisor. Her ligg det ein vesentleg kontroll. Revisjonsmeldinga er retta til generalforsamlinga, der representantane for eigarane sit. Andre element i kontrollen internt i selskapet vil vere internkontrollen til dagleg leiar, kontrollen til styret og ein eventuell internrevisjon.

## 1.2 KVA ER SELSKAPSKONTROLL

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagt å drive kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtektene til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: "*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*" Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

Selskapskontrollen er ei lovfesta kontrollform som samspekar med eigarstyringa elles. Kontrollutvalet har gjennom selskapskontrollen ei sentral rolle overfor kommunen sine aktivitetar som eigar. Utanom selskapskontrollen er eigarrolla i liten grad regulert i lov eller forskrift. Det er derfor opp til kommunane og kommunesektoren sjølv å finne fram til gode måtar å handtere eigarskapen på.

Hovudomgrepet er selskapskontroll, og det dreier seg altså om kontroll med forvaltninga av dei interessene kommunen har i selskap. Definisjonen er den same som i staten, jf. lov om Riksrevisjonen § 9 andre ledd. Selskapskontroll kan romme ulike kontrollar.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er naudsynt for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigd ut av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

## 1.3 ORGANISERING SOM RISIKOFAKTOR

KS har henta inn *Kommunal selskapsstatistikk* i 2009 (Telemarkforskning), som viser at kommunane og fylkeskommunane eig 2600 selskap. Om lag 75 prosent av dei er aksjeselskap. Selskapa har ei omsetning på om lag 100 milliardar kroner. Verdiane dei forvaltar er vanskelegare å anslå, men *Kommunal selskapsstatistikk* ser for seg om lag 300 milliardar kroner. Selskapa har over 50 000 tilsette.

Kontrolldimensjonen bør bli vurdert når kommunen organiserer verksemda si. Generelt bør kommunestyra vere merksame på fordelane og ulempene med dei ulike organisasjonsformene kommunane kan velje blant. Dersom kommunen vurderer å stifte eit kommunalt føretak, bør

kommunestyret vere merksampå at verksemda i føretaket etter gjeldande reglar ikkje er omfatta av internkontrollansvaret til administrasjonssjefen sjølv om føretaket er ein del av kommunen. Dersom kommunen vurderer å lage ei stifting, bør kommunestyret vere merksam på at kommunen ikkje eig stiftinga og kan ikkje kan endre føremålet med stiftinga og har ikkje innsynsrett i stiftinga etter kommunelova § 80.

Samansettinga av styret er viktig i kontrollsamanheng. Endringane i habilitetsreglane frå november 2011 er meint å skape auka rolleklarleik. Endringane går ut på at leiarar og styremedlem i kommunalt eigde selskap blir inhabile når selskapet er part i ei sak som blir behandla i kommunen, sjå nærare om dette i Ot.prp. nr. 50 (2008-2009).

#### **1.4 EIGARSKAPEN MÅ HA EIT FØREMÅL**

Det er ein føresetnad for god kontroll med kommunalt eigde selskap at kommunestyret veit kvifor kommunen eig selskapet. Her er mange kommunar på god veg, mellom anna gjennom tilrådingane frå KS Eigarforum. Av Ot. Prop. Nr. 70 (2002-2003) går mellom anna følgjande fram:

*For kommunestyret som øverste ansvarlige organ i kommunen vil det også være viktig hele tiden å vurdere om de organisasjonsformer som kommunen har valgt for sin virksomhet, er egnet til å fremme de mål og verdier for kommunens virksomhet som kommunestyret mener er viktige.*

Dersom kommunen vel å etablere eit føretak eller eit selskap, må det definerast eit føremål med eigarskapen – både for at selskapa skal kunne skape resultat for innbyggjarane, for at kommunestyra kan drive god eigarstyring, og for at kontrollutvalet skal kunne drive tenleg og naudsynt kontroll. For å halde tritt med utviklinga i selskapa og omgivnadene deira bør kommunestyret behandle eigarskapsmeldingar og strategiar for alle selskap og føretak minst ein gong i kvar periode.

#### **1.5 BRUKEN OG NYTTEN AV SELSKAPSKONTROLL**

Selskapskontroll kan vere retta mot eigarstyringa til kommunen og mot selskapet. Dersom fleire kommunar går saman om å kontrollere eit selskap dei eig saman, kan dette både teljast som ein selskapskontroll og som ei tinging frå kvart kontrollutval. Desse forholda gjer at ein må vite kva ein spør om når ein kartlegg bruken av selskapskontroll.

#### **1.6 SAMORDNING AV KONTROLLEN I SELSKAP MED FLEIRE KOMMUNAR SOM EIGARAR**

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verksemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheiter til å føre kontroll, men har ikkje føresegner om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver

av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, som krev fleire timar enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet kan òg innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollerte i ein annan selskapskontroll. Det bør vere ein dialog om korleis ein skal drive selskapskontrollen med selskap der fleire kommunar er eigarar. Dette bør vere eit tema allereie når slike selskap blir stifta. Ei løysing er at vedtektene for selskapet seier kven av eigarkommunane som skal ha eit overorda ansvar for å samordne selskapskontrollen gjennom kontrollutvalet sitt. Ei anna løysing er å skrive inn samordning i ein selskapsavtale mellom dei deltakande kommunane. Dette vil sjølvsagt ikkje avgrense dei moglegheitene som dei andre eigarkommunane har til å drive selskapskontroll, men det kan gjere det tydeleg kven som har ansvaret for å ta initiativ til å setje i gang selskapskontroll. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i (verts)kommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Etersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret, oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegerte frå andre kommunar. Formelt ville derfor myndigheita til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet si frå kommunestyret.

Kontrollutvala bør få den informasjonen om selskapa som dei treng for å planleggje selskapskontrollen. Sekretariata har eit ansvar her. Kommunestyret kan etter kommunelova § 80 andre ledd fastsetje føresegner om kva dokument selskapa skal sende til kontrollutvalet og revisor. Det er òg viktig at selskapa sjølve følgjer regelen i kommunelova § 80 tredje ledd:

*”Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.”*

## **1.7 SELSKAP MED BÅDE KOMMUNALE OG PRIVATE EIGARAR**

Selskap der det også er private eigarar med, skapar større utfordringar i eit kontrollperspektiv fordi kommunen ikkje har same retten til innsyn som elles. Det vil vere opp til kommunane å syte for at kontrollfunksjonen blir sikra under etableringa av slike selskap.

Kommunane bør utforme gode eigarstrategiar før dei deltek i selskap der private er medeigarar. Kommunen bør vidare vurdere å krevje innsyn slik at kontrollutvalet kan gjennomføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet ut frå kommunen sine interesser.

## **1.8 KONTROLL MED VERTSKOMMUNESAMARBEID**

Ansvarsområdet til kontrollutvalet vil i utgangspunktet ikkje bli endra når kommunen blir med i eit vertskommunesamarbeid. Kontrollutvalet har ansvar for å utøve det

løpande tilsynet med verksemda til kommunen på vegne av kommunestyret. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i vertskommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Etersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegert frå andre kommunar. Formelt vil derfor myndet til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet sitt frå kommunestyret. Departementet legg likevel til grunn at dette ikkje vil innebere at myndet til kontrollutvalet i vertskommunen nødvendigvis må avgrensast tilsvarande. Kontrollutvalet skal i alle høve ikkje overprøve den politiske sida av vedtaka eller kor tenlege ulike vedtak er. Kontrollutvalet vil konsentrere seg om at lover, reglar og avtalar blir følgde. Dette ansvaret vil kontrollutvalet i vertskommunen kunne ha sjølv om kommunestyret i vertskommunen vil ha avgrensa mynde i saker som kjem frå andre kommunar. For å slå fast dette er det teke inn ei føresegn om dette i kommunelova § 28j.

Det kan vidare vere behov for at kontrollutvala i samarbeidskommunane får informasjon om vedtak i vertskommunen etter delegert myndigheit. I samarbeidsavtalen skal det takast inn føresegner om informasjon frå vertskommunen til kvar einskild samarbeidskommune. Kontrollutvalet i samarbeidskommunane vil ha rett til den same informasjonen som den kommunen sjølv får. Kontrollutvalet i samarbeidskommunen vil ha tilgang til all dokumentasjon og all informasjon som samarbeidskommunen får.

Det er ikkje gitt spesielle reglar om revisjon for vertskommunesamarbeid. Det å inngå vertskommunesamarbeid inneber ikkje behov for endringar i regelverket om rekneskap for kvar einskild kommune. Revisjon av rekneskapa i dei aktuelle kommunane kan gjennomførast etter dei vanlege reglane.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, kan det likevel vere tenleg at det blir etablert kontakt om samarbeid mellom deltakarkommunane dersom det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av sjølve vertskommunesamarbeidet.

## **1.9 OMFANGET AV INNSYNSRETTE**

Kommunelova § 80 seier ikkje noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet ikkje er eige rettssubjekt. Heimelen i kommunelova § 27 blir framleis nytta til ulike type verksemdar som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gir heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer.

## SELSKAPSKONTROLLEN I SKODJE KOMMUNE

Vedlagte oversikt over selskap der kommunen har eigarinnteresser (note 4 til rekneskapen for 2011) viser at kommunen utanom Ørskog Energi AS ikkje har store eigarinteresser i form av heileigde selskap, men oversikten er ikkje fullstendig.

Av aktuelle selskap for kontroll nemner ein:

- Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS
- Sunnmøre Regionråd IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Ørskog Energi AS
- Skodje brua AS

For dei to første selskapa er det Ålesund kommune som er kontorkommune, det tredje er Møre og Romsdal Fylkeskommune. For Ørskog Energi AS er Ørskog kommune eigarkommune. For desse selskapa er det naturleg å avvente kva vedtak som blir gjort i dei respektive kontorkommunane. Ein selskapskontroll vil då omfatte alle eigarkommunane. Skodje kommune er kontorkommune for Skodjebrua AS.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

### **innstilling:**

Ein selskapskontroll inn mot dei selskapa der Skodje kommune er deleigar saman med andre kommunar blir å koordinere med dei andre eigarane og særskilt kontorkommunen. Forutan eigarskapskontroll kan ein forvatningsrevisjon bli utført dersom det blir vurdert som føremålstenleg. Denne vurderinga blir i første omgang gjort av kontrollutvalet i kontorkommunen.

Det blir utført selskapskontroll i følgjande selskap:

- Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS
- Sunnmøre Regionråd IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Ørskog Energi AS
- Skodjebrua AS

Harald Rogne  
dagleg leiar

Plan for selskapskontroll  
i Skodje kommune

November 2012



## Innhald

1.	Bakgrunn.....	1
2.	Innhaldet i selskapskontrollen .....	1
3.	Føremålet med selskapskontrollen .....	2
4.	Selskap omfatta av selskapskontrollen.....	2
4.1	Aksjeselskap heileigd av kommunar og fylkeskommune .....	3
4.1.1	Skodjebrua AS.....	3
4.1.2	Ørskog Energi AS.....	3
4.2	Interkommunale selskap organisert etter lov om interkommunale selskaper....	3
4.2.1	Ålesundregionen Interkommunale Miljøelskap IKS (ÅRIM) .....	3
4.2.2	Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS.....	4
4.2.3	Sunnmøre Regionråd IKS .....	5
4.3	Andre selskapsformer .....	5
5.	Gjennomføring og rapportering av kontrollen .....	5
5.1	Gjennomføring .....	5
5.2	Rapportering.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
5.3	Prioriteringar i denne planperioden.....	6
5.3.1	Generelt .....	6
5.3.2	Prioritering av selskapskontrollar.....	6

## 1. Bakgrunn

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med forvaltninga av eigarinteressene i selskap tilhøyrande kommunen. Dette går fram av kommunelova § 77 nr 5. I §§ 13, 14 og 15 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar er utføring, innhald og rapportering av selskapskontrollen nærare regulert.

Kommunelova § 80 omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Denne er avgrensa til:

- Interkommunale selskap (IKS)
- Aksjeselskap kommunen eig sjølv eller saman med andre kommunar
- Heileigde dotterselskap til slike selskap

Kontrollen kan omfatte:

- Selskapsetablering
- Eigarskap i høve til føremål og type
- Eigarskap i høve til kommunens vedtak og føresetnader (eigarskapsmeldingar)

Kommunen er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kan gjennomføre dette i tilfelle det er ønskeleg og relevant.

Som grunnlag for sitt tilsyn gjennom selskapskontrollen skal kontrollutvalet gjennomføre konkrete vurderingar av risiko og vesentlegheit knytt til kommunen sine selskapsinteresser.

## 2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimelen for selskapskontroll følgjer av kommunelova (kompl.) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal *påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.*, jf tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 13 anna ledd skal *"minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert."* Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Selskapskontroll kan delast i to deler: eigarskapskontroll (obligatorisk) og forvaltningsrevisjon (friviljug). Eigarskapskontrollen kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariat, revisjonen til kommunen eller andre som kontrollutvalet sjølv måtte avgjere. Forvaltningsrevisjon skal utførast i samsvar med kap. 3 i forskrift om revisjon og i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, og den må utførast av ein kvalifisert og uavhengig revisor.

Selskapskontrollen omfattar både heileigde og deleigde selskap, herunder selskap med private eigarar. På grunn av at innsynsretten etter § 80 er avgrensa til heileigde, kommunale selskap, er det skilnad på korleis selskapskontrollen kan utførast i heileigde kontra deleigde selskap.

Følgjande figur syner omfanget og innhaldet til selskapskontrollen:



Figur: Selskapskontroll – overordna skisse

### 3. Føremålet med selskapskontrollen

Selskapskontrollen er eit middel for å kontrollere at forvaltninga av kommunens eigarinteresser er i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontrollen avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammer for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med føremålet. Ei materiell vurdering av organiseringa til selskapet, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Ved behov kan det og gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må likevel dette – dersom ikkje anna er avtalt mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter § 80 ikkje gjeld. Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå vedtaka til kommunestyret og deira føresetnader. Ein slik revisjon vil dermed ha fokus på sjølve aktiviteten og resultatata i selskapet.

### 4. Selskap omfatta av selskapskontrollen

Den innsynsretten som kontrollutvalet har etter § 80 i kommunelova omfattar to typar selskap. Den eine typen er interkommunale selskap etter lov om interkommunale selskap. Den andre typen er aksjeselskap, der kommunen åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar eig alle aksjane, og i heleigde dotterselskap til slike selskap.

## **4.1 Aksjeselskap heileigd av kommunar og fylkeskommune**

### **4.1.1 Skodjebrua AS**

Skodje kommune er medeigar i Skodjebrua AS (40%), saman med Haram kommune (30%), Møre og Romsdal fylkeskommune (20%), og Sandøy kommune (10%).

Selskapet vart stifta i 2001, med det føremål å arbeide for realisering av ny Skodjebrua med tilføringsvegar. Selskapet har stått for delfinansiering av utbygginga i samråd med Vegvesenet. Selskapet Skodjebrua AS har administrert innkrevjinga av bompengar, og har forvalta midlane i tråd med avtalen mellom Vegdirektoratet og Skodjebrua AS. Selskapet står ovanfor ei avvikling, truleg i løpet av 2013.

#### Vurdering:

Gjennomføring av eigarskapskontrollen vert tilpassa den planlagde avviklinga av selskapet.

### **4.1.2 Ørskog Energi AS**

Skodje kommune er hovudeigar i Ørskog Energi AS (48,70%), saman med Ørskog kommune (31,30%), og Stordal kommune (20%).

Det vart gjennomført selskapskontroll i Ørskog Energi AS i 2010. Saka vart handsama i Skodje kontrollutval i KU-sak 04/11.

Selskapskontrollen konkluderte med tilrådingar om tiltak som kontrollutvalet i Skodje slutta seg til. Mest sentralt var tilrådinga om at Skodje kommune utarbeider ei eigarskapsmelding som dekkjer dette selskapet, og i samarbeid med dei to andre eigarkommunane, utformar rutinar for å sikre god politisk styring med eigarinteressene. Det ligg til no ikkje føre ei slik eigarskapsmelding frå kommunen.

#### Vurdering:

Etter revisjonen og kontrollutvalsekretariatet si vurdering bør Skodje kommune avvente eigarskapskontrollen som skal gjennomførast av Ørskog kommune, som er den kommunen der selskapet er heimhøyrande. Alternativt kan det fattast vedtak som kan oversendast til Ørskog kommunestyre.

Det vert tilrådd at før ny eigarskapskontroll i Ørskog Energi AS i regi av Ørskog kommune vert gjennomført, må den førre selskapskontrollen sine tilrådingar om tiltak, og som kontrollutvalet i Stordal slutta seg til, følgjast opp. Dette gjeld særleg tilrådinga om at Stordal kommune utarbeider ei eigarskapsmelding som dekkjer dette selskapet, og i samarbeid med dei to andre eigarkommunane, utformar rutinar for å sikre god politisk styring med eigarinteressene.

## **4.2 Interkommunale selskap organisert etter lov om interkommunale selskaper**

### **4.2.1 Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS (ÅRIM)**

Selskapet vart stifta hausten 2008 av kommunane som utgjer Nordre Sunnmøre og

Vestnes. Eigarkommunane har eigardelar etter folketal, og selskapet har kontoradresse i Ålesund.

Selskapet sitt føremål går fram av selskapsavtalen § 3 kor det står følgjande:

- 3.1 Å utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål.*
- 3.2 Selskapet skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga.*
- 3.3 Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande.*
- 3.4 Å gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.*
- 3.5 Selskapet skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvenleg avfallsbehandling.*
- 3.6 Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap.*
- 3.7 Å utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.*

Den einskilte kommune i dette samarbeidet er bundne av reglane om sjølvkost. Det inneber at den pris som vert sett til hushalda skal gi inntekter som ikkje overstig dei utgiftene som kommunen har. Finansieringsmodellen som er valgt er at det vert fastsett ein pris frå ÅRIM til kvar kommune, og så er det kvart kommunestyre som fastset renovasjonsavgifta til innbyggjarane.

#### Vurdering:

Det er aktuelt å vurdere ein eller fleire forvaltningsrevisjonar, i tillegg til den obligatoriske eigarskapskontrollen. Sidan Ålesund kommune er den største eigaren i ÅRIM, er det naturleg at selskapskontrollen skjer på oppdrag frå Ålesund bystyret, og at Ålesund kontrollutval konkretiserer kva som spesifikt bør undersøkjast.

Bystyret og kontrollutvalet i Ålesund er informert om at det er signalisert behov for selskapskontroll retta mot dette selskapet frå dei andre kommunane, og at det frå kontrollutvalssekretariatet er lagt opp til eit løp kor dei andre kommunane ventar til handteringa i Ålesund ligg føre.

#### **4.2.2 Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS**

Selskapet vart stifta i midten av 2000, og er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal Fylkeskommune har den største eigardelen, på 20,78 %, medan Ålesund kommune sin eigardel er 9,19 %. Skodje kommune sin eigardel er 1,55%.

Selskapets føremål er å:

*"Arbeide for at arkivmateriale frå medlemene eller slikt materiale som desse tek*

*ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova".*

#### Vurdering:

Skodje kommune bør vente til eigarskapskontrollen som skal gjennomførast av Møre og Romsdal fylke ligg føre. Alternativt kan det fattas vedtak som kan sendast til fylkestinget.

Revisjon og kontrollutvalsekretariat er ikkje kjent med tilhøve som er av ein slik art at Skodje kommune bør setje i verk ein eigen selskapskontroll av selskapet.

#### **4.2.3 Sunnmøre Regionråd IKS**

Sunnmøre Regionråd IKS vart stifta i slutten av 2011, og er ei samanslåing av dei to tidlegare regionråda på Søre Sunnmøre og i Ålesundsregionen (ÅRU). Alle kommunar på Sunnmøre er no med i dette interkommunale selskapet, med ein lik eigardel. Selskapet sitt føremål er:

*"Sunnmøre Regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionene samla og i deltakarkommunane. Selskapet skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Selskapet skal drive med regional strategiutvikling, vere ein regional utviklingsaktør og fremje saker som utviklar regionen".*

#### Vurdering:

Revisjon og kontrollutvalsekretariat er ikkje kjent med tilhøve som krev ein særskilt gjennomgang i form av ein forvaltningsrevisjon. Etter vår vurdering er det tilstrekkeleg å gjennomføre ein eigarskapskontroll med selskapet. Vidare er det etter vår vurdering mest rett at denne vert gjennomført i regi av Ålesund kommune, der selskapet har kontorstad.

### **4.3 Andre selskapsformer**

Interkommunale selskap kan også organiserast etter kommunelova § 27. Skodje kommune er ikkje medeigar i selskap som er organisert etter kl§27. Skodje kommune samarbeider derimot med kommunale føretak i andre kommunar som er organisert etter kommunelova kapittel 11. Skodje kommune samarbeider med to slike selskap i form av tenestekjøp, Ålesund Brannvesen KF og 110 sentralen KF.

Ålesund kontrollutval fører tilsyn med desse selskapa på ordinær måte, og kan setje i gang forvaltningsrevisjon på same måte som for anna kommunal verksemd. Innsynsretten i dette tilfellet er heimla ved § 77 i kommunelova.

I AS og ASA som er deleid av kommunar eller fylkeskommunar har ikkje kontrollutvalet innsyn etter lov. I slike tilfelle må innsyn avtalast, eller baserast på opne kjelder. Dette gjeld også for samvirkeføretak og stiftingar.

## **5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen**

### **5.1 Gjennomføring**

Kontrollutvalet vurderer årleg omfanget av selskapskontrollar og kva for kontrollar som skal gjennomførast med utgangspunkt i plan for selskapskontroll. Utvalet kan, i den grad utvalet finn det naudsynt, be om at aktuelle selskap oversender relevante dokument. Kontrollutvalet kan gjere endringar i planen, dersom føresetnadene skulle endre seg. Selskapskontrollen vert gjennomført av Komrev3 IKS, Sunnmøre kontrollutvalsekretariat (IKS), eller den/dei som kontrollutvalet måtte avgjere. Kontrollar i selskap som har fleire eigarkommunar bør i størst mogleg grad koordinerast.

## 5.2 Rapportering

Rapport etter gjennomført selskapskontroll vert sendt til kontrollutvalet. Etter kontrollutvalet si handsaming vert rapporten sendt kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i sin årsrapport som vert lagt fram for kommunestyret. Dersom kontrollutvalet gjer endringar i plan for selskapskontroll, skal dette framgå av årsrapporten frå kontrollutvalet.

Prioriteringar i denne planperioden

### 5.2.1 Generelt

I vedlegg 1 er det lista opp selskap som kommunen har eigarinteresser i, både heileigde og deleigde, og ei stutt skildring av kvart selskap. Ved prioritering av selskapskontroll kan følgjande kriterier vere relevante i samband med en risiko- og vesentlegheitsvurdering:

- Selskapet sitt tenestetilbod til innbyggjarane
- Selskapet sitt samfunnsmessige ansvar
- Kommunen sin eigardel
- Økonomisk gevinst- og tapspotensial
- Kommunen sitt motiv for eigarskapet

### 5.2.2 Prioritering av selskapskontrollar

I oversynet nedanfor er det gjort framlegg om kontrollar ut frå dei opplysningane som ligg føre. Utvelginga byggjer på en risiko- og vesentlegheitsvurdering. Der det er fleire kommunar som har eigarinteresser i dei same selskapa, bør det som hovudregel gjennomførast koordinerte kontrollar i desse selskapa.

Det skal i inneverande planperiode [2012-2015] gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM). Det er aktuelt å vurdere ein eller fleire forvaltningsrevisjonar, i tillegg til den obligatoriske eigarskapskontrollen. Selskapskontrollen vert felles med Ålesund som den største eigaren. Ålesund kontrollutval konkretiserer kva som spesifikt bør undersøkjast.
- Sunnmøre Regionråd IKS. Eigarskapskontroll i regi av Ålesund

kommune/Ålesund kontrollutval.

- Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS. Eigarskapskontroll i regi av Møre og Romsdal fylke sitt kontrollutval/fylkestinget.
- Ørskog Energi AS. Eigarskapskontroll i regi av Skodje kommune/Skodje kontrollutval.
- Skodjebrua AS: Gjennomføring av eigarskapskontrollen vert tilpassa den planlagde avviklinga av selskapet.



---

**KOMREV3 IKS**  
KOMMUNEREVISJONEN **3**

KOMREV3 IKS er et interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tjenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving. Det blir rapportert til den enkelte kommune sitt kontrollutvalg og kommunestyre/bystyre.

Hovedkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS  
Postboks 7734 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND  
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: [komrev3@komrev3.no](mailto:komrev3@komrev3.no)  
Org.nr. 971562587

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 16.01.2013

**SAK 04/13**  
**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – SKODJE KOMMUNE**

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnader
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I samanheng med dei siste endringane i kommunelova knytt til internt tilsyn og kontroll, §§ 74-81, vart det laga nye forskrifter til § 77 (kontrollutval) og § 78 (revisjon).

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd vart kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserar behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats. Analysen er sett på som internt arbeidspapir som kan haldast unna offentlegheit.

I kraft av å ha det overordna tilsynsansvar i kommunen, kan kommunestyret gi instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike avgjer kontrollutvalet sjølv områda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Oppgåvene til kontrollutvalet med forvaltningsrevisjon følgjer av kapittel 5 i forskrift om kontrollutval, §§ 9-12. I § 9 er det presisert at:

*”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.”*

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, § 10.
- Rapportar om forvaltningsrevisjon, § 11.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar, § 12.

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterar under, har både nasjonalt og internasjonalt endra seg mykje dei siste åra. Eit risikobasert utgangspunkt for val av prosjekt er ei tilnærming som sikrar god og nyttig revisjon. Av den grunn stiller forskrifta krav om val av prosjekt basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Plan for forvaltningsrevisjon skal bygge på dei prinsippa som regelverket føreset og det er gjennomført spørreundersøkingar med tanke på å finne dei mest optimale revisjonsområda.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

#### **innstilling:**

Tema i plan for forvaltningsrevisjon blir vedteken i følgjande prioriterte rekkefølge:

1. Kvalitet saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak
2. Drift kommunale eige-domar

Kontrollutvalet får fullmakt til å vedta nærare prosjektinnhald.

Harald Rogne  
dagleg leiar